

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arne Ingjald Lerum
Arkivsaksnr.: 17/3690

Arkiv: 141

Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029 - offentlig ettersyn.

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med reglane i Plbl §11-14, jf §11-1 og 5, vert framlegg til revidert arealdel for Luster kommune 2018 – 2029, med kommuneplannemnda sine endringar, lagt ut til offentlig ettersyn og oversendt aktuelle fagorgan for vurdering.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Plandokument med: planomtale, føresegner, retningslinjer
Konsekvensutgreiing med ROS-analyse for 9 delområde
Oppsummering tiltak som ikkje vert tilrådde
Oppsummering – føringar for arealdelen

Uprenta vedlegg: Innkomne innspel

Samandrag:

Rådmannen har utarbeidd revidert framlegg til «Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2018 - 2029». Vedteken plan er juridisk bindande og fastset framtidig arealbruk i kommunen.

Juridisk bindande dokument er:

- Plankart
- Omsynssonekart – jfr Plbl §11-8 a (sikring-, støy- og faresoner)
- Føresegner

Rådmannen har gjeve tilråding til 10 delområde som er konsekvensutgreidd.

Rådmannen rår til at framlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn og oversendt aktuelle faglege organ til uttale.

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Formannskap /kommuneplannemnd jfr PLBL §4-1 og §11-13.

Fakta:

Luster kommune reviderte kommuneplanen sist 2015. Både revisjonen i 2015 og noverande revisjon omfattar arealet i heile kommunen.

Innspel til dette planarbeidet skjedd gjennom arbeidet med planprogram hausten 2017. xx innspel vart vurdert. I alt 10 område er konsekvensutgreidd med Risiko og sårbarheitsanalyse for kvart område. Grunnlag for rådmannen sine vurderingar og tilrådingar av kvart enkeltområde er m.a.:

- kommunestyret sine føringar for planarbeidet gitt i Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) – kap. 10
- kommuneplannemnda/formannskapet sine innspel
- overordna nasjonale og regionale føringar
- rådmannen sine faglege vurderingar

Innspel komne inn i seinare tid vert handsama i samband med innkomne merknader til planframlegget (høyringsrunden).

Rettsverknad:

Kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak nemnt i Plbl §§11-7, nr 1-6 og tilhøyrande føresegner. Kommuneplanen sin juridisk bindande del er samansett av:

- Plankart
- Omsynssonekart – jfr Plbl §11-8 a (sikring-, støy- og faresoner)
- Føresegner

Det er også utarbeidd retningslinjer. Desse er ikkje bindande, men førande for administrasjon og folkevalde. Arealdelen har også eit kapittel på «Oppfylgjande planoppgåver». Dette er også oppgåver som ikkje er juridisk bindande, men førande for administrasjon og folkevalde.

Rådmannen har ikkje hatt kapasitet til å ferdigstilla revideringa av «Kjerneområde landbruk». Difor er det lagt inn at reviderte område skal leggjast til grunn for retningslinjene når dei er ferdig handsama.

Målsetjinga er at arealdelen kan slutthandsamast i kommunestyret i desember 2018. Det vil vere ein føresetnad for dette er at nye (større) tiltak ikkje vert teke inn og at det ikkje kjem motsegner frå overordna regionale fagmyndigheiter.

Planframlegget er pr i dag ikkje komplett når det gjeld plankart, omsynssonekart og konsekvensutgreiing for «*Samla verknad*».

Det blir gjort merksam på at administrasjonen vil trenge noko tid på å ferdigstilla kart, redigera plandokumentet og opprettingar i samsvar med kommuneplannemnda sitt vedtak.

Vurdering:

Arealdelen legg viktige føringar for arealutviklinga i Luster kommune dei neste åra. Framlegget tek utgangspunkt i innspel som kommunen har motteke frå privatpersonar, verksemder, lag og organisasjonar, i tillegg til kommunen sine egne innspel. Ved handsaming av planprogrammet vart det gjort ei utsiling av tiltak som ikkje var aktuelle. Rådmannen har i sitt framlegg utgreidd og vurdert 10 område.

Rådmannen ser at mange tiltak som vart lagt inn i KPA i 2008 og 2015 enno ikkje er starta opp. Prinsipielt bør det ikkje liggja inne for mange område av denne kategoriedn. Planen bør byggja på reell interesse, realisme og behov. Ved neste revisjon må «gamle» område som har lege «ubehandla» i 8 -12 år vurderast på ny, om dei er uaktuelle bør dei trekkast ut.

I denne planen er fleire av sakene «gjengangarar». Rådmannen legg til grunn at vedtak som er gjort i tidlegare planhandsaming, framleis gjeld.

Dersom det etter utlegging og høyringsrunden vert gjort vesentlege endringar i planframlegget, må det leggjast ut til ein ny høyringsrunde før kommunestyret kan gjera endeleg vedtak.

Dato: 12.09.2018

Jarle Skartun
rådmann

Arne Ingjald Lerum
plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: